

# Naturglede Hordaland

## Prosjektrapport 2017



Dokumentet er skrive av:

**Prosjektkoordinator Synnøve Kvamme**

55300660

[hordaland@naturvernforbundet.no](mailto:hordaland@naturvernforbundet.no)

**Naturvernforbundet Hordaland takkar Hordaland Fylkeskommune for støtta til  
Naturglede Hordaland!**

På vegne av Naturvernforbundet Hordaland vil me takka dykk for støtta som har gjort det mogleg for oss å gjennomføra naturgledearrangement også i år. Dette året har me hatt spesielt fokus på låg-terskel familievenlege aktivitetar, samt inkludering av innvandrargrupper. Takka vere støtta frå dykk har hundrevis av barn lært om nærnaturen sin gjennom å vera med på naturskattejakt på Fløyen, store og små har vore med på natursti i Langeskogen, og fått smaka på kortreist mat frå Langegården. I denne rapporten skildrar me og viser bilete frå dei to naturgledearrangementa me har gjennomført i år.

**Naturskattejakt på Kom-deg-ut/Byfjellsdagen søndag 3. september**



Foto: Fredrik A. Kaada

I samband med DNT sin nasjonale Kom-deg-ut-dag 3. september, arrangerte me «naturskattejakt» på Byfjellsdagen som fann stad ved Skomakerdiket ved Fløyen, i strålende sol. Naturskattejakta gjekk ut på at barna fekk utdelt fargerike skattekart,



designa av vår grafiske designer i Naturvernforbundet Hordaland, Mona Maria Løberg, med fem ulike artar som dei fekk i oppgåve å finna i skogen rundt Skomakerdiket. Til saman deltok over 3000 store og små i aktivitetane på Byfjellsdagen, og mange hundre ivrige barn var med på naturskattejakta. Når barna hadde klart å finna alle dei fem artane, fekk dei økologiske plommer og diplom med namnet sitt på, og med enkle, morosame fakta om artane dei hadde funne. Målet med naturskattejakta var å stimulera barna si nysgjerrigheit og gjera dei merksame på kva som finst i naturen rundt dei, samt å læra dei



nokre fakta om artane sine funksjonar.

I tillegg til prosjektkoordinator deltok fire frivillige naturguidar, i hovudsak biologistudentar frå UiB, som rettleia barna og delte ut skattejakt og diplomar. Som nemnt har ei viktig målsetting

for Naturglede Hordaland i 2017 har vore å inkludera innvandrargrupper, og me var glade for at ein del av barna som deltok i naturskattejakt på Byfjellsdagen var innvandrarar eller barn av innvandrarar, som kom saman med familieane sine. I forkant av arrangementet var me i dialog med Bergen kommune sitt introduksjonscenter for flyktningar, som

vidareformidla ein plakat med informasjon om arrangementet på engelsk til målgruppa si. I tillegg var informasjonen på Facebook- arrangementet skriva på både norsk og engelsk, og informasjon om arrangementet vart delt på Facebook-gruppa



«Refugees welcome to Bergen». Det er naturlegvis vanskeleg å vurdere om nokre av deltakarane med innvandrarbakgrunn kom på grunn av at dei hadde fått informasjon gjennom denne Facebook-gruppa eller introduksjonscenteret, og i så fall kor mange, men me håpar og trur at det bidrog til at fleire innvandrarakk fekk vite om arrangementet.



### **Naturglededag i Langeskogen søndag 1. oktober**

I godt samarbeid med Langegården og den polske organisasjonen Propter Familia, gjennomførte me naturglededag i Langeskogen søndag 1. oktober. Deltakarane kunne delta på naturskattejakt og to nivå av naturstiar gjennom skogen der vinnarane fekk gåvekort på Akvariet. I tillegg hadde me leigd inn to soppkontrollørar frå Sopp- og nyttevekstforeininga i Bergen som kontrollerte soppene til dei som ville plukka, og som i tillegg hadde med døme på etande og giftige soppar. Mot slutten av dagen fekk deltakarane haustsuppe med brød, kaffi og sveler på Langegården. Trass i regnbyer og noko surt vêr, var om lag hundre personar innom arrangementet, og tilbakemeldingane var svært positive.





Aktivitetane vart bestemt saman med Propter Familia, som mobiliserte sitt nettverk av polske innvandrarar, som er den største innvandrargruppa i Noreg. Dei oversette arrangementsinformasjonen til polsk, så på Facebook-eventen var informasjonen på både norsk, engelsk og polsk. Me reknar med at inntil 30 av deltakarane var polske innvandrarar, etter anslag frå Propter Familia. I tillegg vidareformidla ressursenteret Batteriet informasjon om arrangementet til sitt nettverk, som i stor grad består av innvandrarar. Både naturskattejakta og naturstiane var på både norsk og engelsk. Arrangementet fann også stad under Økoveka, og vart i dialog med arrangørane der også marknadsført som ein av Økoveka-aktivitetane.



I tillegg til prosjektkoordinator hadde me med oss to frivillige naturguidar samt vår eine praksisstudent som bidrog til gjennomføringa av arrangementet. Spørsmåla i naturstien var utvikla av våre to dyktige praksisstudentar som me har hatt med oss frå UiB dette semesteret.

### **Vidare planar for Naturglede Hordaland**

Utover dei to arrangementa har også prosjektkoordinator delteke på inkluderingsamling i regi av Naturvernforbundet nasjonalt, i Oslo 24. november. Her hadde me mellom anna workshop med Frivillighet Norge, og føredrag av fleire innvandrar kvinner om deira erfaringar med norsk organisasjonsliv og kva som skal til for å leggja til rette for inkludering av innvandrar grupper. Seminaret var svært inspirerande og lærerikt, og me fekk mange gode innspel om korleis me kan verta endå flinkare til å inkludera innvandrara. I midten av desember hadde me også møte med Introduksjons senteret for flyktningar i Bergen kommune, der me også fekk svært mange gode tips om korleis me kan gå fram for å koma betre i kontakt med minoritetsgruppene i Bergen. Desse innspela tek me med oss i vidareutviklinga av Naturglede Hordaland i 2018, slik at me kan bidra til at endå fleire får oppleve naturglede gjennom gode naturopplevingar, læring, meistring og fellesskap.

Synnøve Kvamme

Dagleg nestleiar og prosjektkoordinator i

Naturvernforbundet Hordaland